




2009

Nasjonalbiblioteket



Nasjonalbiblioteket

Visjonen til Nasjonalbiblioteket er å vere: nasjonen sitt minne og eit multimedialt kunnskapssenter i forkant av det framtida etterspør. For å nå dei strategiske måla på områda samlingsutvikling, fagutvikling og forskning har vi laga politikkdokument som kan lesast på www.nb.no.



Digitalt bibliotek

Ein viktig milepæl i 2009 er bokhylla-avtalen som vart inngått mellom Nasjonalbiblioteket og Kopinor i april. Det inneber at inntil 50 000 bøker som framleis er verna av opphavsretten, skal bli gjort tilgjengelige på Internett ved at Nasjonalbiblioteket har betalt for rettane.

Nasjonalbiblioteket har i 2009 inngått fleire samarbeidsavtalar om digitalisering, mellom anna:

- med NRK om digitalisering av norsk musikk.
- med Aftenposten om digitalisering og digital avlevering av avisa.
- Fleire avisavtalar står på trappene

Det har vore ein auke i bruken av digitale tenester i 2009. Ved årsskiftet hadde alle internettbrukarar tilgang via NBdigital til meir enn 7 000 bøker som har falle i det fri. Desse bøkene kan brukarane lese på nett i fulltekst, og dei kan bli lasta ned for lokal bruk. I tillegg var nesten 20 000 bøker tilgjengelege for lesing på nett for brukarar av Internett i Noreg, som ein del av bokhylla-avtalen.

I Bokhylla kan alle i Noreg lese bøker på skjerm. Bokhylla-avtalen mellom Nasjonalbiblioteket og Kopinor inneber at bøker som framleis er verna av opphavsretten blir gjort ope tilgjengelege. Noregs største digitale bokhylle er gratis for brukarane. Ved utgangen av 2009 var kring 20 000 bøker gjort tilgjengelege.



NBdigital hadde over 7,3 millionar visingar av digitalt innhald i 2009. Dette er ei mangedobling samanlikna med året før, og det aller meste av denne auken er knytt til vising av boksider (ca 5,1 millionar visingar).

Nasjonalbiblioteket har i 2009 registrert meir enn 35 millionar sidevisingar frå Nasjonalbibliotekets nettsider (inkl. ibsen.net). Dette er ei dobling frå 2008.

Det vart totalt digitalisert om lag 220.000 objekt i Nasjonalbiblioteket sitt digitaliseringsprogram i 2009. Det er i løpet av året digitalisert kring 6,8 millionar boksider, kring 1 million avissider, 50.700 foto, 41.000 sider med handskrifter og notemanuskript, 1200 plakatar og 49.400 timar historisk radiomateriale. I tillegg er fleire truga lydformat i Nasjonalbiblioteket si samling konverterte over til digitale bevaringsformat, og vi har digitalisert 1 300 78-plater.

Nasjonalbiblioteket følger opp strategien sin om å gjere digitalt innhald synleg i andre tenester på Internett, som til dømes å distribuere innhald på Flickr, Youtube og liknande kanalar, og i tillegg aktivt bruke sosiale media som Twitter og Facebook. Røynslene viser da at bruken av det digitale innhaldet aukar endå meir.

I 2009 er kapasiteten i Nasjonalbibliotekets digitale sikringsmagasin auka frå ca. 1,3 Petabytes til ca. 1,9 Petabytes.

Forfattarjubileum – 150-årsjubileet for Knut Hamsuns fødsel

Nasjonalbiblioteket hadde det nasjonale ansvaret for 150-årsjubileet for Knut Hamsuns fødsel i 2009. Det vart arrangert fire nasjonale arrangement i tidsrommet februar til september. Arrangementa vart lagt til Hamsun-kommunane Lom/Vågå, Hamarøy og Grimstad, i tillegg til Oslo. Riksteatret var engasjert som kunstnarisk ansvarleg for dei fire nasjonale jubileumsmarkeringane. Som ledd i desse markeringane lanserte Nasjonalbiblioteket hausten 2008 forfattarnettstaden www.hamsun.no.

I 2010 skal Nasjonalbiblioteket bidra til markering av Bjørnson-jubileet. Det er etablert eit prosjektforum saman med Bjørnsonfestivalen, Maihaugen (Aulestad) og forskingsmiljøa.

Arrangement og utstillingsaktivitetar

Utstillings- og arrangementsprogrammet omfatta fire hovudutstillingar, fem mini-utstillingar og 51 arrangement.

Det vart gjennomført følgjande hovudutstillingar:

- 80 millioner bilder – Norsk kulturhistorisk fotografi 1855–2005
- Kuboaa – Knut Hamsuns tidlige forfatterskap
- Kompassrosen – Orientering mot nord
- En (r)evolusjonerende idé – Darwin i Norge



KNUT HAMSUN-JUBILEET I VÅGÅ/LOM. Liv Bernhoft Osa, Marit Østbye og Ane Dahl Torp

Foto: Geir Olsen/ Scanpix



Vebjørn (8) og Knut (7) Borkholm-Røstum, Kuboaa for barn. Foto: Daniela Büchten

Miniutstillinger:

- Euklids Elementa
- Beacon for Freedom of Expression: Censorship in a Global Perspective
- Fra gulnede avisklipp til sprø lydband – Nasjonalbiblioteket som arkiv for norsk pop og rock
- Farvel Norge – Den norske utvandringen til Amerika
- Murens fall – Fra fredelig revolusjon til tysk gjenforening

Formidling

Alle former for bruk aukar, både av tradisjonelle media og digitalt. Tenesta *Spør biblioteket* på nb.no har hatt stor pågang og har auka med 15 %. Besøket til utstillingane har òg hatt stor auke. Utlånet frå Depotbiblioteket auka frå 103 000 einingar i 2008 til 121 000 i 2009. Dette utgjer ein utlånsauke på 17%.

Film

Filmarbeidet er no integrert i verksemda til Nasjonalbiblioteket.



Det er i 2009 restaurert 68 filmtitlar, av dei 10 spelefilmar, på til saman over 50.000 meter film.

Arkiv for Rockheim og pop- og rocknettverket

I 2009 har Nasjonalbiblioteket oppretta eit nettverk for pop og rock-sentra i Noreg. Her koordinerer vi arkiv- og anskaffingsverksemda på feltet. Nasjonalbiblioteket har levert digitalisert materiale til Rockheim.

Fagleg utvikling og forskning

Nasjonalbiblioteket har i 2009 delteke i ulike prosjekt og har arbeidd for fagleg utvikling og forskning på fleire område:

- EU-prosjektet TELplus. Resultatet av satsinga er at alle bøkene i NBdigital som har falle i det fri òg vil vere tilgjengelege for søk i metadata og fulltekst i European Digital Library, og etter kvart òg i Europeana.



- Nasjonalbiblioteket har arbeidet aktivt i IIPC (International Internet Preservation Consortium) for å etablere felles internasjonale løsninger for webarkivering.
- Musikkarvprosjektet er eit omfattande nasjonalt prosjekt som har som mål å ta vare på og gjere den klassiske norske musikkarven tilgjengeleg
- Archive in motion-konferansen utforska: Arkivomgrepet er i dag utbreidd til område utanfor det klassiske arkivet, til kunstfeltet, filosofien og nye tekst- og mediepraksisar i kvardagen til folk.

bevaring og til forskingsprosjektet EFG (<http://www.europeanfilmgateway.eu/>) der målsetjinga er digital formidling av europeiske filmar.

Nasjonalbibliotekets tilsette har publisert 30 vitenskaplege publikasjonar; fire monografiar eller delar av monografiar, éin katalog, 22 artiklar i antologiar og tidsskrift og tre fagbibliografiar.

Nasjonalbiblioteket i media

På same måte som tidlegare år har Nasjonalbiblioteket fått mykje omtale i media. Fokus har vore Hamsun-året 2009 og lanseringa av Nasjonalbiblioteket sin nettstad bokhylla.no der mange tusen bøker er tilgjengelege på Internett i fulltekst.

- Nasjonalbiblioteket har etablert ei stipendiatorstilling for forskarar og ein skriftserie som har fått namnet *Nota bene. Nasjonalbibliotekets skriftserie*.
- Nasjonalbiblioteket bidreg framleis til Henrik Ibsens skrifter, til eit prosjekt om etableringa av ein norsk skriftkultur i tidleg mellomalder til det nasjonale LongRecprosjektet (<http://www.longrec.com>) om digital

Noko som òg har vekt oppsikt er restaureringa av den nær 90 år gamle filmen «Markens grøde», eit samarbeid med Norsk Filminstitutt, og etableringa av eit nasjonalt digitalt musikkarkiv i samarbeid med NRK. Det har også vore merksemd





kring nokre større gåver til biblioteket, mellom anna Henning H. Tønssbergs samling og Christian Skredsvigs illustrerte brev.

Samarbeid med andre organisasjonar

Nasjonalbiblioteket har gjennom 2009 utvikla eksisterande samarbeidsrelasjonar vidare og i tillegg inngått samarbeid med nye verksemder. Samarbeidsområda femnar om både digital avlevering og oppbevaring, og like eins forskings- og utviklingsprosjekt. Sentrale samarbeidsprosjekt og -partnarar er mellom anna NRK, Aftenposten, Universitetsbiblioteket og fylkesbiblioteka.



Konstituert sjefredaktør i Aftenposten, Hilde Haugsgjerd og nasjonalbibliotekar Vigdis Moe Skarstein signerer samarbeidsavtale.

Foto: Nasjonalbiblioteket/Anne Tove Ørke

Økonomi

Nasjonalbiblioteket prioriterer økonomiske ressursar i samsvar med strategiske satsingar. For 2009 har vi vidareført prioriteringa av midlar til fagleg utvikling, formidling med særleg fokus på utstillingar og større markeringar, og dessutan utvikling av det digitale biblioteket, medrekna satsinga på bokhylla.no.

Døme på tilskot til samlinga

Som tidlegare år har Nasjonalbiblioteket styrkt samlinga med ei lang rekkje viktige nyinnkjøp samt mottekne gåver. Det gjeld utanlandsk faglitteratur, elektroniske støtteressursar og unikt materiale.

Ebba Haslund: etterlatne arkiv
P.A Munch: brevsamling
Christian Skredsvig: brev og arkiv
Knut og Marie Hamsun: brev
Isaac Newton: Opticka 4. utg.,1730
Knut Hamsun: 1. utgåver
Lars Elling: illustrasjonar
Cappelens biletarkiv: kring 50.000 einingar
18 fotoalbum: mellom anna eitt Thoren-album og to album av Ellisif Wessel
a-ha: dokumentasjonsmateriale og samlingar lydopptak.



Nokre nøkkeltal:

Tal på besøk til biblioteket: 162 033

Tal på digitaliserte einingar inn i digitalt sikringsmagasin (DSM): 220 136

Tal på sidevisingar frå Nasjonalbibliotekets nettsider: 35 millionar